



BERGEN ARKITEKT SKOLE

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Bergen 18.12.06

HØYRINGSSVAR: FORSLAG TIL NY FELLES FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGARE UTDANNING

Viser til tidlegare innsendt høyringssvar datert 27.09.2005 til høyringsfrist 1. oktober 2005 der Bergen Arkitekt Skole m.a. informerte om følgjande:

Bergen Arkitekt Skole (BAS) er ein privat høgskule som utdannar arkitektur gjennom eit 5-årig studium som gir tittelen Master i arkitektur. BAS vart i sin tid oppretta og løyvd eksamensrett under privathøgskoleloven som eit pedagogisk alternativ til dei to statlege arkitekthøgskulane. BAS er ikkje med i samordna opptak (SO). Skulen har eitt studentopptak i året og søknadsfrist er 1. april.

Til § 4-1

Ut over krav om generell studiekompetanse har BAS 7 andre utvalskriterium som vert vurdert ut frå skriftlig søknad på eige søknadsskjema (vedlegg 1). Poeng som gir grunnlag for innkalling til intervju vert gitt ut frå dei 7 kriteria (vedlegg 2). Andre poeng (t.d. karakterpoeng vert ikkje utrekna eller vektlagt ved opptak)

Viser og til kap.V Opptak i BAS sin studieplan (vedlegg 3), som låg til grunn då BAS fekk sin eksamensrett i 1990.

BAS er tilfreds med at skulen dermed fell inn under kap. 4, §4-1 Spesielle opptakskrav i tillegg til generell studiekompetanse.

Merknad derfor kun til *Kommentarer til enkeltparagrafer*, Kapittel 7, til §7-19 jfr. Rundskriv F-10-05. Ettersom BAS nytter intervju og ikkje opptaksprøve ber vi om at formuleringa vert: "For opptak til følgende studier foretas rangering av kvalifiserte søkere med grunnlag i opptaksprøver/intervju alene, etter regler fastsatt av institusjonen."

Med venleg helsing

Svein Hatløy (sign.)
rektor

Ingunn Tepstad (sign.)